

SAK 17/14 REGIONAL KULTURKOORDINATOR

Saksopplysningar:

Prosjektet «Kulturkoordinator i Hallingdal» (KKH) vart iverksett august 2012, etter eit målretta regionalt arbeid for å styrke og vidareutvikle kulturtilbodet i Hallingdalskommunane, og leggje grunnlaget for vidare vekst i ein av landets sterkaste kulturregionar.

Prosjektet KKH er hovudsakleg finansiert av Bulyst-midlar (kr. 1.350.000), som Regionrådet for Hallingdal søkte om i under distriktsutviklingsparaplyen «Hallingdal 2020». I tillegg til desse midlane har Ål kommune gått inn som vertskap for stillinga i prosjektperioden og løyvd kr. 450.000.

Prosjektet er organisert med ei aktiv styringsgruppe med representantar frå alle Hallingdalskommunane. KKH er verksam i heile Hallingdal og samarbeider med både regionale fora som Hallingdal kulturforum og rektornettverket for kulturskulane i Hallingdal, så vel som med lokale aktørar i dei ulike kommunane. KKH har kontor på Ål kulturhus. Sigurd Rotvik Tunestveit er tilsett som regional kulturkoordinator i prosjektperioda, som strekk seg over tre år. Arbeidet har så langt avdekt stort utviklingspotensial innan fleire område:

- Kulturtilbod for barn og unge
- Interkommunale samarbeid, mellom anna gjennom kulturskulane
- Kommunikasjon mellom Hallingdalsregionen og fylke/sentrale funksjonar (Buskerud fylkeskommune, Norsk kulturskuleråd BTV, Norsk kulturråd med fleire)
- Nasjonale program som Den Kulturelle Skulesekken (DKS) og Den Kulturelle Spaserstokken (DKSS)
- Nettverksbygging mellom profesjonelle aktørar innan kulturliv og reiseliv/øvrige næringsliv.

Prosjektperioda 2012-2015

I prosjektperioda er hovudoppgåva å undersøke grunnlaget for ein regional kulturstilling med hovudvekt på kommunikasjon og utvikling. I stor grad handlar dette om å møte aktørar og få dei i tale, delta på produksjonar og utviklingsprogram, og tileigne prosjektet kunnskapar om kva som finst og kva som manglar i vårt mangfaldige «kulturlandskap».

Kulturkoordinatoren har gjennom dette arbeidet funne fram til relevante fokusområde for prosjektperioda, som tener som representative tiltak for korleis KKH kan virke i vidareføringa. Desse områda er:

- Ungdommens kulturmønstring (UKM) og breiddekultur for ungdom 13-18 år, gjennom fagforumet «De Unges Arena Hallingdal»
- Konsertserien «Fjellklang»: fordjupings- og konserttilbod for unge musikarar
- «Ekta Vare» - kultur- og reiselivstreff Hallingdal

- Dialog og samarbeid med storregionale funksjonar: Buskerud Musikkråd, Norsk kulturskuleråd BTV, Buskerud fylkeskommune, DKS Buskerud med fleire

- Ressursperson for lokale kulturproduksjonar: Rådgeving, søknadar, kontaktnett, marknadsføring

Gjennom desse hovudområda er prosjektet breitt forankra i kulturlivet, og kan bidra og stimulere gjennom konkrete tiltak. Berre i prosjektets fyrste 12 månadar har søknadar frå kulturkoordinator til lokale tiltak utløyst over 200.000 kroner i eksterne middel, frå mellom anna Norsk kulturskuleråd, Kulturrådet og ulike stiftelser.

Vidareføring 2016 – 2017

Denne saka omhandlar ei toårig vidareføring av kulturkoordinator-rolla i Hallingdal etter at prosjektet KKH sine tre fyrste år fullførast i 2015. Denne vidareføringa inneber eit omorganisering, eit spleiselag der Hallingdalskommunane i lag med fylke og stat bidreg forpliktande økonomisk i fortsettinga.

I prosjektperioda 2012-2015 har reiselivet i Hallingdal gjennomgått ein reorganiseringssprosess knytt til Visit Hallingdal (tidlegare Hallingdal Reiseliv) og dei vegvala reiselivet i Hallingdal ynskjer å ta vidare. Gode samarbeidsprosjekt med kulturlivet har i denne perioda måtte stå på vent til reiselivet har funne fram til ein felles plattform som kan representere og ta eigarskap i nye prosjekt og tiltak. Potensialet som ligg i samarbeid mellom kulturliv og reiseliv er utvilsamt stort og tilgjengeleg, og samarbeidstiltak vil i ei forlenging av prosjektet ha vesentleg betre levekår.

Forhold til overordna plan:

Eit viktig tema i strategisk plan for Hallingdal har vore avklaringar og ynskje om ei sterkare og tydelegare profilering av Hallingdal som region. Dette blir sett på som grunnleggjande for det utviklingsarbeidet Hallingdal sjølv må gjera.

Strategisk plan for Hallingdal har mellom anna som mål at kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode, med tiltak som går på vidareutvikling av profilering/identitetsbygging.

Bakgrunnen for dette er mellom anna:

- Felles bu- og arbeidsmarknadsregion
- Felles kultur/identitet
- Felles utfordringar
- Felles budskap
- Kan tilby større variasjon, breidde
- Felles plan (Strategisk plan for Hallingdal)
- Meir slagkraftig
- Ei stadig sterkare konkurranse på alle frontar
 - o Kamp om arbeidskrafta
 - o Kamp om arbeidsplassar
 - o Kamp om innbyggjarane
- Ynskje om å vera tydelegare
- Ynskje om å byggje eit godt omdøme

Økonomiske konsekvenser:

Kostnaden for tiltaket er samansett av utgifter til løn, reisekostnadar og ein mindre avsetning til tiltak. Øvrige tiltak finansierast gjennom private, statlege og fylkeskommunale stønadsordningar. For vertskapskommuna vil kontorutgifter koma i tillegg.

Ein ser for seg ei kostnadsfordeling mellom dei 6 Hallingdalskommunane rekna per capita, i tillegg til ein andel som dekkjast frå statlege og fylkeskommunale middel.

Ved ei utviding av prosjektet med to år fram til vil utgiftsfordelinga sjå slik ut:

Årleg totalkostnad kr.700.000,-. Fordelinga er rekna etter folketalet. Vertskommuna vil få ein tilleggskostnad for å dekke kontor og administrative utgifter, estimert til kr.50 000 årleg så langt i prosjektperioden.

	2016	2017
Buskerud FK	200 000,-	200 000,-
Vertskommune	50 000,-	50 000,-
Flå kommune (1033 innb)	23 000,-	23 000,-
Gol kommune (4631 innb)	102 000,-	102 000,-
Hemsedal kommune (2295 innb)	51000,-	51 000,-
Hol kommune (4452 innb)	98000,-	98 000,-
Nes kommune (3445 innb)	76000,-	76 000,-
Ål kommune (4713 innb)	104000,-	104 000,-
Totalt	704 000,-	704 000,-

Vurdering

Prosjektet har hausta mange positive attendemeldingar lokalt og frå statlege og fylkeskommunale institusjonar, og det er gjeve signalar om fortsatt stønad til prosjektet. Det er ein føresetnad for prosjektet at stat og fylke bidreg med økonomisk stønad som vist i den økonomiske fordelingsnøkkelen.

For styringsgruppa i prosjekt Kulturkoordinator i Hallingdal framstår det som svært fordelaktig for Hallingdalskommunane – kvar for seg og som region – å vidareføre kulturkoordinator-rolla som kommunikasjons- og utviklingsressurs for kulturlivet. Dette synet har bakgrunn i dei erfaringar som prosjektet til no har gjeve, der både umiddelbare effekter og langsiktig potensial taler for å investere i denne regionale stillinga.

Den vidare prosjektorganiseringa baserer seg på ei styringsgruppe med éin representant frå kvar kommune. Vertskapskommunen har ansvar for arbeidsjuridiske forhold, og skal legge til rette for at kulturkoordinatoren sin funksjon verkar som tiltenkt.

Hovudargumenta for å vidareføre kulturkoordinator-prosjektet i 2 år (2016-2017) er:

- Betre lokal og regional ressursutnytting gjennom samhandling og fellestiltak. Å betre ressursutnyttinga vil seie både å få meir ut av investerte midlar, og å velge effektive innsatsområde som gagnar kulturlivet i Hallingdal som heilskap.
- Større høve til ekstern finansiering: Hallingdal har arenaer, aktiviteter og aktørar som mange distriktsregionar i Noreg berre kan drøyme om. KKH bidreg til å auke ekstern finansiering av desse kulturkreftene som auker handlingsrommet og stimulerer eit mangfaldig kulturliv til å utvikle seg vidare. Resultatet av betre økonomisk armslag er friskare satsing og meir nyskaping på kulturfeltet.
- Kultur- og opplevingsnæring som «partnarar» i kulturlivet: Dei potensielle synergiane mellom eit breitt spekter av kultur- og næringsaktørar gjer ein kommunikasjonsressurs mellom desse aktørane nyttig og naudsynt. Bedrifter og utøvarar innan ulike formar for kulturnæring kan gjennom strategiske samarbeid via KKH stå saman om å styrke Hallingdals attraktivitet som ein sterk kultur- og arbeidsregion.

- Kultur- og opplevelsesnæring som sysselsetter: Det er allereie mange stillingar innan kultur- og opplevelsesnæring i Hallingdal, og potensialet for vidare vekst på dette feltet er stort.

Det er essensielt for ei vellukka vidareføring av prosjektet at kulturkoordinator-rolla eigast av samtlege hallingdalskommuner, som gjennom konkrete og forpliktande avtaler opplever at deira ynskje og behov blir lyfta fram i ein regional samanheng. Med eit slikt eigarskap og ei vidareutvikling av det gode arbeidet som prosjektet har vist til no, meiner ei samla styringsgruppe for KKH at vidareføringa av kulturkoordinator-rolla er ei riktig og utbyterik investering for kulturlivet i Hallingdal. Gjennom kontakt med regionale fora som Hallingdal kulturforum/ kulturleiarane i hallingdalskommunane, Visit Hallingdal, Regionrådet for Hallingdal og utviklingsavdelinga v/Buskerud Fylkeskommune vil eigarane sjølve ha høve til å følgje og påverke det kontinuerlege arbeidet, og KKH skal ellers vera ein synleg og tilgjengeleg ressurs for heile dalen.

Å utvikle et godt samarbeid og samhandling over kommunegrensene krev sterk forankring i kvar enkelt kommune, og i kvar enkelt teneste som skal omfattast av samarbeidet. Det krevast lokale tilpasningar og avklaringar av ansvarsfelt, og dette kan vera krevande og tidkrevande for deltakarane å etablere. Dei ulike kommunane har kvar sin eigenart og organisasjonsstruktur og kultur som skal takast omsyn til, men samtidig utviklast slik at ein får i stand gode regionale samarbeid. Det må fokuserast på forankring og eigarskap i en regional utviklingsstrategi over tid. Prosjektet har så langt ikkje kome langt nok med dette arbeidet, og ei vidareføring av prosjektet synast difor meir naturleg enn ei fast etablering i fyrste omgang. Det er likevel ein klar målsetting å arbeide fram imot ei slik etablering etter endt prosjektperiode i 2017.

Behovet for regionale overbygningar og strukturer som skaper samhandling er aukande. Gode møtearenaer er viktig i seg sjølv, men den store forskjellen oppstår når ein greier å samhandle i den daglege tenesteproduksjonen. Slik samhandling krev kommunikasjon og koordinasjon der ansvaret for dette er tydeleg og avklart. Ein regional kulturkoordinator kan fylle denne rolla.

For reise- og næringsliv er det eit uttrykt behov for og ynskje om kulturopplevingar som gjev destinasjonane eigenart og kvalitet. Skal ein etterkoma eit slikt ynskje vert organisering og profesjonalisering av kulturfeltet viktig. Kulturkoordinator-funksjonen kan i stor grad bidra til dette.

Forslag til vedtak

1. Tiltaket kulturkoordinator i Hallingdal underbyggjer målsettinga i Strategisk plan for Hallingdal 2013-2016 og Hallingdal 2020, og vil bidra til ei sterkare og tydelegare profilering av Hallingdal som region. Tiltaket vil óg styrke regional samhandling og vera ein ressurs for lokale kulturtilbod. Den økonomiske fordelingsnøkkelen gjev forankring og eigarskap i alle hallingdalskommunane.
2. Regionrådet for Hallingdal tilrår ei vidareføring av prosjektet «Kulturkoordinator i Hallingdal» for perioda 2016-2017.


15.5.2014

Styringsgruppa for kulturkoordinator i Hallingdal-prosjektet.

Vedlegg:

1. Tabell – arbeidsfelt kulturkoordinator
2. Uttale Norsk kulturskoleråd

Kulturkoordinator i Hallingdal



Dato	21/05/14
Dokumentnavn	Notat
Saksbehandler	Rut Jorunn Rønning

Uttalelse om kulturkoordinator-prosjektet i Hallingdalsregionen.

Gjennom mitt arbeid som rådgiver for Norsk kulturskoleråd region Buskerud/Telemark/Vestfold (NKR region BTV) har jeg gjort meg flere erfaringer rundt hvordan skole eierne drifter og utvikler kulturskoletilbudet i sine respektive kommuner og regioner.

Som jeg ser det, har Hallingdalsregionen et stort og godt potensiale vedrørende utvikling og samhandling rundt kulturskolene og kulturlivet. Det jeg har registrert er at kommunene har tatt et godt og solid grep for å bygge videre på dette potensialet. En viktig faktor har vært det interkommunale samarbeidet som har pågått gjennom mange år i forhold til kulturskoledrift, samt tydelige og aktive kulturskoler, men en utslagsgivende faktor har vært den formidable satsingen på kulturkoordinator prosjektet.

Kulturkoordinatoren har vært en tydelig og samhandlende drivkraft i forhold til kulturskolene og Norsk kulturskoleråd (NKR). De siste årene har det vært en stor satsing nasjonalt på samarbeid og samhandling mellom NKR/Ungdommens kulturmønstring/Den kulturelle skolesekken og Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringen. NKR region BTV har jobbet aktivt med å videreføre denne satsingen til et regionalt og kommunalt perspektiv. Et viktig ledd i denne satsingen er NKR sitt utviklingsprosjekt «De unges arena». Dette prosjektet tar for seg å utvikle og forbedre kulturelle opplærings- og opplevelses arenaer for ungdommer i alderen 13-18 år. Et stikkord for innholdet i prosjektet er samhandling, og det er naturlig å trekke fram Hallingdalsregionen med sin kulturkoordinator som prosjektleder, som en meget ambisiøs, målrettet, engasjert og dyktig deltagergruppe i «De unges arena».

Et annet element som er viktig å belyse er følgende: for NKR er det en styrke at det i Hallingdalsregionen er en kulturkoordinator som er bindeledd i forhold til helhetstenkning og videre utvikling av kulturlivet, spesielt med tanke på barn og unge.

På vegne av NKR region BTV, ønsker jeg Hallingdals kommunene og Hallingdalsregionen lykke til videre med det flotte og solide arbeidet som gjøres for kulturlivet, og spesielt for barn og unge!

Vennlig hilsen



Rut Jorunn Rønning
Rådgiver
Norsk kulturskoleråd region BTV